

## Intensjonsavtale om eit pedagogisk-psykologisk kompetansemiljø

Høgskulen i Sogn og Fjordane (HiSF) ved Avdeling for lærarutdanning og idrett og Sogn regionråd inngår intensjonsavtale om eit pedagogisk-psykologisk kompetansemiljø for å styrkja og byggje kompetanse i barnehagane, skulane og PP-tenesta.

### Bakgrunn

Kommunane i Sogn regionråd har vedteke eit langsiktig barnehage- og skuleutviklingsprogram "System for styrka læring", for perioden 2013 – 2021. Høgskulen er formell deltakar i programstyret. Det overordna målet er å styrke læringsutbytte for alle barn og elevlar. Vi har seks satsingsområde i programmet; systemisk læring/ lærande organisasjon, entreprenørskap, tidleg innsats, vurdering for læring, motivasjon og meistring og psykisk helse.

Over 50% av studentane som tek utdanning i regi av HiSF blir verande i Sogn og Fjordane. Eit tett samarbeid mellom Sogn regionråd og HiSF vil difor gje vinn – vinn effekt for HiSF, kommunane, studentane, barna og elevane i eit langsiktig perspektiv. Vi har eit regionalt handlingsrom til å finne fram til organisatoriske løysingar som styrkar opplæringstilbodet. Eit felles pedagogisk psykologisk kompetansemiljø vil vere ei organisatorisk nyvinning som styrkar alle aktørane innan oppvekst- og utdanningsområdet. Vi har tradisjon for at slike symbiosar er fruktbare i Sogn.

### Konkrete samarbeidsområde

1. Eit formalisert samarbeid mellom HiSF og kommunane skal bidra til å byggje, rekruttere og vidareutvikle kompetanse som barnehagane, skulane og kommunane treng innanfor breidda av både dei allmenn- og spesialpedagogiske fagfelte.
2. Behalde fagpersonar som kan arbeide innanfor både oppvekstsektoren, den tradisjonelle pp-tenesta, samt forskings- og undervisningsarbeid i regi av HiSF.
3. Lage ei organisatorisk løysing med eit attraktivt kompetansemiljø som vil styrke oss i prosessane ved å rekruttere fagpersonar innan spennvidda av stillingar i oppvekstområdet.
4. Systematisk samarbeid om å lage tilbod til barnehagelærarar og lærarar slik at dei kan ta formell vidareutdanning innan område kommunane og pp-tenesta har trong for.
5. Utvikle eit system som styrkar den systemiske samanhengen mellom praksisbarnehagane og praksisskulane – og utdanningane innan barnehage, skule, sosionom, vernepleiar, barnevernspedagog og masterstudiet i spesialundervisning.
6. Rettleiing av studentar og lærarar i praksisbarnehagane og praksisskulane.
7. Eit tett formelt samarbeid mellom fagpersonane innan det pedagogiske psykologiske området og forskarane/ fagmiljøet ved HiSF vil kunne byggje ei fagleg spisskompetanse på oppvekst- og utdanningsområdet. Ei tettare relasjon mellom praksisbarnehagane, praksisskulane, dei ulike utdanningsområda og spesielt mastergradsstudiet i spesialundervisning – vil kunne gje kommunane og HiSF høve til å utvikle spisskompetanse.

Sogndal, 5/5 - 2015



Rasmus Stokke  
Høgskulen i Sogn og Fjordane  
dekan



Karina Nerland  
Sogn regionråd  
dagleg leiar